

1 U10- Vi treng ei storsatsing på kollektiv no

2 *Forslagsstiller: Jarle Brattespe*

3 I Bergen, som i dei andre storbyane, er bilkøyning er den viktigaste kjelda til både
4 klimagassutslepp og luftforureining. På toppen av dette veit vi at bilkøyning fører til
5 dekkslitasje som er den største kjelda til mikroplast i naturen. Bilbruken må difor
6 reduserast kraftig og storbyane må prioritere kollektivtransport, gåande og syklande
7 framfor stadig meir vegbygging.

8 Det hastar med å kutte klimautsleppa. Skal vi nå 1,5 gradersmålet må vi kutte 10% av
9 utsleppa kvart år dette tiåret. Om vi derimot utset kutta til 2027, må vi kutte 27% kvart
10 år. Samferdsle står i følgje klimabudsjettet for 2020 for 80% av utsleppa i Bergen
11 kommune og vegtrafikk aleine står for 56% av utsleppa. Difor er det slik at skal vi
12 kutte utsleppa må vi kutta trafikken! I tillegg er transport ein sektor der det går an å
13 kutte utsleppa rask. Og byane er der potensialet for å kutte trafikken er størst.

14 Skal vi kutte i trafikken utan å samstundes å redusere folk sin mobilitet, trengs det ei
15 kraftsatsing på kollektivtransporten. For få folk med på klimadugnaden er vi nøydde å
16 tilby gode alternativ til klimaskadeleg bilkøyning. Folk i byane vil ikkje kome til å finne
17 seg i å få mobiliteten sin vesentleg redusert, difor er vi nøydde å tilby eit alternativ.
18 Klimakampen er difor avhengig av at vi satsar tungt på kollektiv, sykkel og gange i
19 storbyane.

20 Kollektivinvesteringar i byane er naudsynt for å unngå endå dyrare
21 motorveginvesteringar. Om vi ikkje styrker kollektiv (og sykkel) som er relativt billig
22 samanlikna med nye motorvegar, vil det føre til ei mobilitetskrise i byane og til at nye
23 vegar vil presse seg fram. Dyre motorvegar vil ete eit stort jafs av vegbudsjetta og
24 gjere det vanskelegare å finansiere heilt naudsynt rassikring og gul midtstripe i
25 distrikta. Td. skal 4,4 km ny motorveg på E18 i Bærum skal til dømes koste omlag
26 17,4 mrd kroner. Difor burde vi ha ein allianse mellom kollektivinteresser i storbyane
27 og naudsynte veginvesteringar i distrikta. Ein allianse mellom dei av oss som ynskjer
28 at byane satsar på klima- og miljøvenlege transportløysingar og vil seie nei til nye
29 motorvegprosjekt som vil drukne byane i bilar, og dei som ynskjer at byane ikkje skal
30 stikke av med alle vegmidlane slik at det vert pengar igjen til rassikring og veg i
31 distrikta. SV er det einaste partiet som har i seg å etablere ein slik allianse.

32 Forslaget til arbeidsprogram for 2021-25 er for svakt på kollektivinvesteringar i
33 storbyane. Bergen SV foreslå å styrke dette, ikkje på bekostning av, men i tillegg til
34 samferdsle i distrikta, rassikring, gul midtstripe. For å få til dette må vi seie resolutt
35 neit til fleire motorvegar inn mot og i byane.

36 **Bergen SV ynskjer:**

- 37 • ei storstilt satsing på kollektiv- og sykkelinfrastruktur i byane
- 38 • at all vekst i persontrafikk i storbyområda skal skje med kollektivtrafikk,
39 sykkel og gange, og at privatbilismen skal reduserast med 40 prosent i
40 alle store byer innan 2030.

- 41
- 42
- 43
- 44
- 45
- sikre rask gjennomføring av viktige kollektivtiltak i storbyane ved at desse vert prioritert i nasjonal transportplan og fullfinansiert av staten.
 - At byar som får reduserte bominntekter som følge av trafikknedgang, skal kompensert fullt ut av staten.